



BØMLO KYRKJELEGE FELLESRÅD



ÅRSMELDING
2017

INNHOLD

BØMLO KYRKJELEG FELLESRÅD	3
SAMANSETJING	3
DESSE SAKENE HAR HATT HOVUDFOKUS	3
ADMINISTRASJONSUTVAL	4
ARBEIDSMILJØUTVAL	4
KYRKJELEGE HANDLINGAR	5
STATISTIKK PÅ KYRKJELEGE HANDLINGAR	5
AKTIVITETEN I KYRKJE	5
ORGANISASJON	7
ARBEIDSGJEVARFUNKSJON OG PERSONALPOLITIKK	8
TILSETTE	8
ULØNA FRIVILLIGE MEDARBEIDARAR	9
SAMLA LØNNSUTGIFTER	9
SJUKEFRÅVÆR	9
LIKESTILLING	9
IA-AVTALEN	10
SENIORPOLITIKK	10
ØKONOMISK OVERSIKT - DRIFT	11
ØKONOMISK RESULTAT OG RAMMEVILKÅR	11
RESULTATVURDERING	12
KOMMENTAR TIL BALANSEN	12
BRUTTO DRIFTSRESULTAT FOR KVAR FUNKSJON.....	13
SAMLA DRIFTSOVERSIKT	13
KYRKJELEG ADMINISTRASJON	13
KYRKJER	14
GRAVPLASSAR	14
ANDRE KYRKJELEGE FØREMÅL.....	15
FINANSIERINGSTRANSAKSJONAR	16
INVESTERINGAR I 2016.....	17
RESULTATVURDERING	17
SAMANLIKNING AV INVESTERINGAR DEI SISTE ÅRA	18
OPPSUMMERING	19

BØMLO KYRKJELEG FELLESRÅD

SAMANSETJINGA AV FELLESRÅDET GJENNOM 2017:

Kyrkjeleg fellesråd	Vald av	Verv
Roald Stautland	Lykling sokneråd	Leiar
Berit Hallaråker	Bremnes sokneråd	Nestleiar
Odd Kåre Sakseid	Bremnes sokneråd	
Elisabeth Diane Håland Bjørnevik	Lykling sokneråd	
Trygve Totland	Bømlo sokneråd	
Solfrid Lønning	Bømlo sokneråd	
Elin Taranger	Moster sokneråd	
Mona Ingvaldsen Hodne	Moster sokneråd	
Asbjørn Gundersen	Geistleg repr.	
Sammy Olsen	Kommunal repr.	
Administrasjon		
Trygve Leigland	Kyrkjeverje	

DESSE SAKENE HAR HATT HOVUDFOKUS

Bømlo kyrkjelege fellesråd har i 2017 hatt seks møter og handsama 33 saker.
Dette er dei viktigaste sakene gjennom året:

Arbeidet med og i kyrkjene og kyrkjegardane

- Ferdigstilling av asfalteringa ved Lykling kyrkje.
- Servicebygget ved Lykling gravplass.
- Drenering på Bremnes nye gravplass felt G, H og J fletet.
- Ordning av brannsentral i Lykling kyrkje.

Personalmessige saker

- Trygve Leigland fekk forlenga permisjon frå si stilling som kyrkjelydspedagog. (fram til 1.4.2018)
- Arne Salmelid slutta i stillinga som konsulent frå 1.11.2017
- Liv Merete Fylkesnes Pedersen fekk forlenga auka i si stilling frå 50% til 80% frå 1.4.2017 til 1.4.2018
- Åse Innvær fekk forlenga si vikarstilling i 60% frå 1.4.2017 til 1.4.2018
- Kristina Halleraker Pettersen vart tilsett i 60% vikarstilling som kyrkjeverjesekretær frå 13.3.2017 til 1.4.2018

I forhold til kommunen og det offentlege rom

- Kommunen løvvde 7.702.000 kroner til kyrkjeleg fellesråd i 2017, ei auke på 188.000 frå 2016. Dette er likevel 31.000 mindre enn auka frå 2015 til 2016.
- Det vart ikkje gjeve nye investeringsmidlar til fellesrådet frå kommunen for 2017.

Andre saker

- Revisjon av plan for gravareal i Bømlo kommune
- Revisjon av utleigereglement for leige av kyrkjene
- Høyringssvar på høyring om ny lov om trus- og livssynssamfunn

ADMINISTRASJONSUTVAL

Administrasjonsutvalet si samansetjing i 2015-2019: Leiar var Roald Stautland og nestleiar Berit Hallaråker. I tillegg var Trygve Totland arbeidsgjevarrepresentant. Åse Berit Haldorsen og Laila Hansen Røksund er begge tillitsvald. Sekretær er Trygve Leigland.

Desse er varamenn i prioritert rekkefølgje:

Elin Taranger
Elisabeth Bjørnevik
Odd Kåre Sakseid

Administrasjonsutvalet har vore samla til to møter i året som gjekk. Utvalet tilsette vikar i kyrkjeverjesekretærstilling Kristina Halleraker Pettersen.

ARBEIDSMILJØUTVAL (AMU)

Arbeidsmiljøutvalet (AMU) har ikkje hatt noko møte i 2017.

AMU skal ha fokus på dei tilsette sin arbeidssituasjon og arbeidsmiljøet. AMU handsamar saker som vernerunde, handlingsplan, avviksmeldingar og sjukefråvær.

Medlem i AMU for 2015-2019 er:

Leiar Roald Stautland er automatisk medlem i AMU. Nytt fast medlem er Elisabeth D. Bjørnevik og vara er Elin Taranger.

Bodil Sætre og Jostein Molde er representantar for dei tilsette. Jostein Molde er verneombod. I tillegg møter ein representant frå Bedriftshelsetenesta Ysst.

KYRKJELEGE HANDLINGAR

STATISTIKK PÅ KYRKJELEGE HANDLINGAR

1. Tal på kyrkjelege handlingar med unnatak av gravferd. Døypte og konfirmerte angir tal på personar.

	2017	2016	2015	2014
Døypte	113	125	121	140
Konfirmerte	142	152	149	132
Vigsel	12	12	32	11
Gudstenester	217	209	220	213
Musikkandakt/konsertar	30	20	27	26

Om lag 95 % av alle nyfødde i Bømlo vart døypte i Den norske kyrkja. Om lag 74 % vart konfirmerte. Ser ein på prosent konfirmerte av døypte er prosenten 92%.

2. Gravferd

	2017	2016	2015	2014
Gravlagde i alt	78	89	106	100
Av desse:				
Grav der det vert reservert ved sida av	26	33	38	32
Bruk av tidlegare reservert grav	27	23	42	40
Bruk av enkel grav	15	17	22	18
Urnegrav	6	5	5	10
Askespreiing	1	2		
Personar med bustad utanfor kommunen	8	5	5	8
Gjenbruk av grav	7	9	3	7

3. Talet på personar som er innom kyrkja gjennom året:

	2017	2016	2015
Deltaking ved gudstenester totalt	23 391	23.565	22.943
Deltaking ved konsertar totalt	2 875	2.873	5.010
Deltaking ved gravferd totalt	10 200*	11.829	12.300*
Deltaking ved vigsel	1 251	888	2.520
SUM DELTAKING	37 717	39.155	42.773

*Frammøte vedd gravferd vart ikkje telt i 2015, og var ikkje klart for 2017 då denne meldinga ar skriven.

Besøkjande som er innom kyrkje grunna kor-deltaking, trusopplæringstiltak, møteverksemt, vigsels- og dåpssamtalar er her ikkje teke med.

AKTIVITETEN I KYRKJENE

Det har tidlegare ikkje vore tradisjonar for å ha med så mykje om aktivitetane i kyrkjene i fellesrådet si årsmelding då fellesrådet si årsmelding må sjåast i samanheng med sokneråda sine årsmeldingar som gir eit djupare bilet av aktiviteten. Eit visst innblikk kan likevel vera naudsynt.

I 2017 har det blant anna vore markert 500 år sidan reformasjonen og Martin Luther kom med sine tesar. Dette har blitt markert gjennom ei rekke hendingar i kyrkjene på Bømlo gjennom temakveldar med Luthersk tematikk, konsertar og revy i kulturhuset med Ryfylke Livsgnist si framsyning «Luther med latter». Sistnemnde arrangement var eit samarbeid mellom alle dei fire sokneråda i Bømlo.

Luther-jubileet har også vore markert gjennom konsertprogrammet «Skrifta åleine» med Bremnes kantori og Luthersk song i Moster- og Bømlo kyrkje.

Trusopplæringa er begynt å bli godt etablert i kyrkjene på Bømlo. Nokre trusopplæringstilbod er felles for fleire av sokna medan dei alle fleste vert arrangert i kvar enkelt kyrkje. Fleire om fleire av trusopplæringstiltaka er har begynt å opparbeid seg «eit namn». Konseptet med at det er noko for borna kvart år for kvart alderstrinn er noko som befolkninga er blitt meir og meir klar over. Tiltaka har svært gode rykte på seg. Det er sokneråda sit ansvar, gjennom trusopplæringsutvala, at trusopplæringstiltak kjem på plass. Dette i tett dialog med pedagogane på kyrkjekontoret.

Trusopplæringstiltak som til no vert gjennomført i sokna er:

- Tru:D Dåp
- Tru:D Babysong
- Tru:D 1 Myldrekveld
- Tru:D 2 Myldrekveld
- Tru:D 3 Krøllekveld
- Tru:D 4 Utdeling av 4-årsbok, somme stadar med församling
- Tru:D 6 Skulestartmarkering
- Tru:D 7 Filmkveld
- Tru:D 8 Aktivitetsdag
- Tru:D 9 Supersamling - januar
- Tru:D 9 Tårnagenthelg
- Tru:D 10 Jubileum for dåp
- Tru:D 11 LysVaken
- Tru:D 12 På sporet av Jesus
- Tru:D Konfirmant

Diakoniarbeidet i kyrkjene på Bømlo held også svært høg standard. Alle sokna har anten diakoniutval eller kontaktpersonar for soknerådets diakonale arbeid. Diakoniarbeidaren har tett kontakt med desse og utviklar stadig diakonitilbodet i nye spennande retningar.

Diakoniarbeidaren er flink til å halda kontakten med kommunale etatar og er stadig på banen med nye samarbeidspartnarar til ulike diakonale tiltak.


Av diakonal tilbod i 2017 kan nemnast:

- Godhets-veka i slutten av mai
- Sorggrupper
- Samlivskurs
- Pilegrimstur i Sunnhordland
- Besøksteneste
- Blomehelsingar til dei som har mista ektefelle eller born i løpet av året.
- Helsing til jubilarar som vert 80, 90 eller 100 år.
- Minnegudstenester
- Treffkveldar
- Fargerikt treff.
- Turgruppe m.m.

For meir utfyllande om aktiviteten i kyrkjene på Bømlo sjå årsmeldingane til dei fire sokneråda Lykling, Bømlo, Moster og Bremnes.

ORGANISASJON

Organisasjonskart vert oftast sett opp hierarkisk med leiar og tilsette. Eit alternativt organisasjonskart knytt til funksjon, kan sjå slik ut



ARBEIDSGJEVARFUNKSJON OG PERSONALPOLITIKK

TILSETTE

Ved utgangen av 2017 er Bømlo kyrkjelege fellesråd arbeidsgjevar for 25 personar.

Leiar	100 %	Trygve Leigland	Kyrkjeverje
Støttefunksjonar			
• Administrasjon	140%	Anne Berit Fylkesnes (80%)	Sekretær kyrkjelydskontor
		Kristine H. Pettersen (60%)	Sekretær kyrkjeverje
• Undervisning	220 %	Laila Hansen Røksund (80%)	Kyrkjelydspedagog
		Åse Innvær (60%)	Kyrkjelydspedagog
		Liv Merete Fylkesnes Pedersen (80%)	Kyrkjelydspedagog
• Kyrkjemusikk	200 %	Jostein Molde (100%)	Kantor i Bremnes og Lykling
		Øystein Skulderud (100%)	Kantor i Bømlo og Moster
• Diakoni	100 %	Sissel J. F. Våge (100%)	Diakonimedarbeidar
Kyrkjelydane			
• Bremnes kyrkje	90 %	Svanhild E. Kvernøy (50%)	Reinhaldar
		Arnfinn Norheim (9%)	Kyrkjetenar
		Jarle Hamn (8%)	Kyrkjetenar
		Silje Hallaråker (8%)	Kyrkjetenar
		Karsten Nesse (14%)	Klokkar
		Marit Dahl Hollund (Timebasert)	Klokkar
• Bømlo kyrkje	44 %	Gunn Stensen (44%)	Klokkar 1 og reinhaldar
• Lykling kyrkje	22 %	Svanhild E. Kvernøy (12%)	Reinhaldar
		Elisabeth Bjørnevik (Timebasert)	Kyrkjetenar
		Ola Ersland (Timebasert)	Klokkar 1
• Moster kyrkje	46%	Sara Naustbakken (Timebasert)	Reinhaldar
		Nasreen Naustbakken (15%)	Kyrkjetenar
		Sonja Ekse (5%)	Klokkar
		Audny G. Johnsen (Timebasert)	Klokkar
Kyrkjegardsdrifta			
	200 %	Åse Berit Haldorsen (80% / 100% halvt år)	Leiar kyrkjegardsdrifta
		Bodil Sætre (80% / 100% halvt år)	Kyrkjegardsarbeidar
		Olaf Fylkesnes (40% halvt år)	

Teknikarane Andreas Tislavoll (Bømlo), Halvdan Endresen (Moster) og Jenny Frimannslund har alle spesialavtale og midlertidig tilsette ut 2017.

ULØNA FRIVILLIGE MEDARBEIDARAR

Mange andre er med og gjer ein stor og uvurderlig frivillig innsats i det synlege rom. Nokre gode medarbeidarar arbeidar meir i det stille, men er like viktige. Her kan nemnast kyrkjekaffikomitear, kyrkjevertar, dåpsvertar, pyntegrupper m.f.

SAMLA LØNNSUTGIFTER

Lønn er i 2017 finansiert ved:

Statleg tilskot	1.393.500	17,8 %
Kommunalt tilskot	5.969.500	76,4 %
Innsamla midlar	235.000	3,0 %
Tilskot frå sokneråd	200.000	2,5 %
Fond	14.000	0,2 %
	7.812.000	100 %

I 2017 utgjorde lønn 64,4 % av driftsrekneskapet mot 63,5 % året før.

SJUKEFRÅVÆR

Sjukefråværet i Bømlo kyrkjelege fellesråd var i 2017 opp i heile 9,4%. Dette har fleire forklaringa. Hovudårsaka er knytt til ei 100% stilling der tilsett har vore 100% sjukemeldt frå starten av året til slutten av oktober. Dette gir utslag. Vidare har fleire tilsette i små stillinger vore sjukemeldt over lengre tid.

Generelt kan ein seie at året har vert prega av unormalt høgt sjukefråvær. Det har vore fleire sjukemeldingar som har gått over ei veke.

Beklageleg vis er oppfølging av sjukemeldingsstatistikk nok av det som har komme langt ned på prioriteringslista over gjeremål i 2017, noko som har ført til at ein ikkje får utfyllande statikk om dette i årsmeldinga i år.

LIKESTILLING

Etter likestillingslova § 1a er verksemder som er pålagt å utarbeida årsmeldingar også pålagt å rapportera om tiltak som er iverksett og tiltak som er planlagt iverksatt for å fremma likestilling og for å forhindre forskjellsbehandling i strid med likestillingslova.

Bømlo kyrkjelege fellesråd har ikkje utarbeidd eigen handlingsplan for likestilling. Likevel er verksemda ganske merksam på og ynskjer ein balansert kjønnsfordeling mellom dei tilsette.

36 % av alle tilsette er menn og 64 % er kvinner.

Dersom ein reknar med dei statleg tilsette sokneprestane i staben på kyrkjekontoret, er forholdet her at kvinner utgjer 57 % av staben og menn utgjer 43 %.

Mennene i organisasjonen har i snitt lengre utdanning enn kvinnene. Berre ei av kvinnene jobbar 100% i fellesrådet.

IA-AVTALEN

Etter intensjonsavtale som vart underskriven av partane ved årsskiftet 2014-2015 er følgjande tre lokale delmål vedtekte som ei målsetting i ADMU den 15.04.2015: Delmål 1 og 2 vart då vidareført med same målsetting som før.

Delmål 3 vart vedteken med heilt ny ordlyd.

Delmål 1: Sjukefråvær

- a) 1. Sjukefråvær under 5 %.
2. Ingen arbeidsrelatert sjukemelding.
- b) 1. Krav om kontaktpunkt med arbeidskollegaer etter 4 veker.
2. Kontakte NAV etter 4 veker for å rådspørje hjelp for tilrettelegging.

Delmål 2: Personar med redusert funksjonsevne

- a) Når ein arbeidstakar får redusert arbeidsevne, skal det straks førebuast tiltak for å legge til rette slik at arbeidstakar framleis kan stå i jobb.
- b) 1. Fellesrådet er positiv til å vurdera ein person ein gong i året.
2. IA-gruppa (verneombod, personalrådgjevar og kyrkjeverje) drøftar kvart tilfelle.

Delmål 3: Avgangsalder

1. Delmål 3: Fellesrådet har som målsetting at tilsette veljer å forlenga den yrkesaktiv periode ved fylte 62 år utan å ta ut AFP. Målsettinga kan nås med bruk av desse virkemidlane:

- a. Arbeidstakar får tilbod om ei veke årleg fordjuping/studieveke frå fylte 62 år og to veker frå fylte 65 år

Desse retningslinjene gjeld:

- (i) Arbeidstakar med 20% stilling eller høgare får innvilga årlege fordjupingsdagar etter søknad.
- (ii) Perioden på ei veke gjeld tilsette i heil stilling. Talet på fordjupingsdagar vert redusert tilsvarende for deltidsstilling.
- (iii) Fordjupinga skal vera innafor eit arbeidsrelatert tema.
- (iv) Tidspunktet for fordjupinga skal skje når det ikkje er til hinder for arbeidet og skal ikkje nyttast som forlenging av ferieveke.

- b. Arbeidstakar får tilleggslønn på kr 5.000 i årleg kompensasjon.
- c. Ordninga med punkt a) og b) fell bort dersom arbeidstakaren vel å nyttta seg av ordninga med delvis AFP.
- d. Tidlegare ordning om 20 prosent redusert arbeidstid kombinert med delvis uttak av AFP opphører.

Desse delemåla vert vidareført.

ØKONOMISK OVERSIKT - DRIFT

(tal i 1000)	Rekneskap	Budsjett	Avvik
Sum driftsinntekter	-12.712	-12.189	522
Sum driftsutgifter	12.130	11.995	-135
Brutto driftsresultat	-581	-194	387
Sum eksterne finansinntekter	-48	-30	18
Sum eksterne finansutgifter	0	0	0
Netto driftsresultat	-630	-224	405
Sum bruk av avsetningar	-14	-285	-270
Sum avsetningar	292	509	216
Mindreforbruk / meirforbruk	-352	0	352

ØKONOMISK RESULTAT OG RAMMEVILKÅR

- Rammetilskotet frå kommunen til drift var i 2017 kr 7.702.000 mot kr 7.514.000 i 2016.
- Lønskostnadene i 2017 var 7.812.000.
- Resultatet for driftsrekneskapen for 2017 viser eit mindreforbruk på kr 581 000.
- Rekneskapen for Gjevartenesta/Diakoni har eit avvik frå budsjett på kr 91.287. (Vedlegg 11). Mykje av dette skyldast midlar frå bispedømet som ikkje kom på plass i 2017. Her var det budsjettert med 60 000. Fast givarteneste har også gått noko ned.
- For andre bundne driftsfond, sjå note 4 i Vedlegg 17
- Rekneskapen for Trusopplæringa går i balanse med eit samla budsjett på kr 848.000. (Vedlegg 12). Diakonimedarbeidar blir lønna 20% av desse midlane.
- Rekneskapen for gravstell er pr. 31.12. bokført som bunde fond. Fondet er på kr 820 556, ei auke på kr 55 391 frå året før. Gravstellrekneskapen har eit eige rekneskap. Sjå vedlegg 15.

Sjå vedlegg 8 i årsrekneskapen. Her er Alle kyrkjelege føremål (044*) samla fordelt på tenesteområda.

Hovedtala for tenesteområda ser slik ut:

Funksjon	SUM kostnad	SUM inntekt	SALDO
041* Kyrkjeleg administrasjon	2 544 090	-863 275	1 680 815
042* Kyrkjer	4 430 436	-243 417	4 187 019
043* Gravplassar	2 507 480	-1 629 924	877 556
044* Andre kyrkjelege føremål	2 648 734	-2 273 477	375 257
089* Finansieringstransaksjonar	2 385 886	-9 506 533	-7 120 647
	14 516 626	-14 516 626	0

RESULTATVURDERING

Fellesrådet sin rekneskap for 2017 er gjort opp i balanse med 351 967 i rekneskapsmessig mindreforbruk.

Samla driftsinntekt vart heile 522.684 høgare enn rekna med. Samstundes var driftskostnaden 135.541 høgare enn budsjettet. Det gir eit positivt brutto driftsresultat på 581.353.

Forklaring til avvik:

- Forklaringa på dette er i all hovudsak meir festeavgiften en budsjettet.
- Noko av forklaringa ligg også i meir refusjon av sjukemeldingspengar enn budsjettet.

Bunde driftsfond auka i 2017 med kr 68 967, sjå noter, vedlegg 17. 55 000 av desse er knytt til fond for stell av gaver.

KOMMENTAR TIL BALANSEN

Eigenkapitalen i Bømlo kyrkjelege fellesråd minka med 1.318.772. dette skuldast små investeringsprosjekt i 2017.

Det er ingen langsiktig gjeld. Kortsiktig gjeld er relatert til skattetrekk, arbeidsgjevaravgift og feriepengar.

Udisponerte investeringsmidlar er i balansen fastslått til kr 107.834. Desse er i realiteten disponert til «Utbetring av fasilitetane ved Lykling kyrkjegard / Servicebygget» som ikkje vart ferdigstilt i 2017, men i januar 2018.

BRUTTO DRIFTSRESULTAT FOR KVAR FUNKSJON

SAMLA DRIFTSOVERSIKT (i tusen)

	Rekneskap	Budsjett	Avvik
0410 Kyrkjeleg administrasjon	1 681	1 696	16
0420 Kyrkjer	4 187	4 160	-27
0430 Gravplassar	877	1 328	451
0440 Andre kyrkjelege føremål	375	323	-52
BALANSE	-7 120	194	7315
0890 Finansieringstransaksjonar	-7120	194	7315

Kyrkjeleg administrasjon

Tenester/oppgåver

Denne funksjonen ivaretok Kyrkjeleg fellesråd som rådsorgan saman med tilsett kyrkjeverje og sekretær. I tillegg dekker denne funksjonen andre oppgåve av fellesadministrativ karakter, som kontor og datautstyr, contingent og rekneskapsføring og revisjon for både sokneråd og fellesråd. Fellesrådet har ansvar å stilla med kontorutstyr også for dei tre statleg tilsette prestane.

Ansvarsområdet vert finansiert ved rammeoverføring frå kommune og renteinntekter.

Lønsutgifter står for 67,6 % av den samla driftskostnaden.

Mål og måloppnåing

- Ved utgongen av 2017 hadde ein gode forhold knytt til administrasjonen for fellesrådet. Ein fekk tidlege i 2017 på plass ekstra sekretær etter ein turbulent haust i 2016. Festeavgifter var generert tidlege i 2017 og ein del arbeid med gravregisteret er gjennomført.

Økonomisk resultat (drift)

0410 Kyrkjeleg administrasjon	Rekneskap	Budsjett	Avvik
• Bruk av midlar	2.544	2.493	-50
• Tileigna midlar	-863	-796	66
Brutto driftsresultat	1 680	1 696	16

Forklaring avvik:
Negativt tal: meirutgift eller mindreinntekt
Positivt tal: mindreutgift eller meirinntekt

Avviksforklaring

Det er brukt kr 50.000 meir en budsjettet, samtidig som det også er tilført kr 66.000 meir enn budsjettet. Samla er det eit positivt avvik på kr 16.000. Ein har med andre ord holdt seg svært godt til budsjettet på administrasjonen for 2017.

Utfordringar

- Å gjennomføra ei god drift på kyrkjekontoret i kjølvatnet av stor omstilling i administrasjonen.

- Fortsetja å skapa gode rutinar på den daglege drifta i etterkant av ei nær total utskifting i administrasjonen.
- Å sikra god økonomisk drift gjennom å forvalte midlane effektivt.
- Ivareta alle medarbeidarane ved å ha ein god personalpolitikk og eit godt arbeidsmiljø.
- Ivareta kyrkjene og inventar på ein best mogleg måte.

Kyrkjer

Tenester/oppgåver

Denne funksjonen ivaretok alle driftsomkostningane med kyrkjebygga, inkludert løn for dei tilsette i kyrkjene, sekretær og kantorane. Etter ein avtale i 2010 mellom Bjørgvin bispedøme, Bømlo kommune og Bømlo kyrkjelege fellesråd skal fellesrådet dekka 50 % av lønskostnadane for den eine prestestillinga i 12 år.

Funksjonen vert finansiert ved rammeoverføring frå kommunen.

Lønsutgifter står for 66 % av den samla driftskostnaden.

Mål og måloppnåing

-

Økonomisk resultat (drift)

0420 Kyrkjer	Rekneskap	Oppr.bud.	Avvik
• Bruk av midlar	4.430	4.348	-82
• Tileigna midlar	-243	-188	55
Brutto driftsresultat	4 187	4 160	-27

Forklaring avvik:
Negativt tal: meirutgift eller mindreinntekt
Positivt tal: mindreutgift eller meirinntekt

Avviksforklaring

Det er eit samla avvik på kr 27.000. Det er kostnadsført kr 82.000 meir enn budsjettet og samtidig inntektsført kr 55.000 meir enn budsjettet. På kostnadssida er det eit meirforbruk på løn på ca. 6 000 og eit meirforbruk på «Varer og tenester» og «Utstyr» på 34 000. Det var også i 2017 høgare reelle straumutgifter i forhold til det som var budsjettet. Noko av dette er teke inn igjen på mindre midlar brukt til vedlikehald kyrkjer enn det som var budsjettet.

Utfordringa

- Å sikra at den tekniske delen av oppgåva ved kyrkjelege handlingar vert ivareteke og kvalitetssikra ved hjelp av dyktige teknikarar og godt utstyr.
- Å sikra eit høgt vedlikehaldsnivå på kyrkjene.

Gravplassar

Tenester/oppgåver

Denne funksjonen ivaretok drift og forvaltning av dei 14 gravplassane i kommunen. Her er det to tilsette i tilSAMAN 180 % stilling med 20 % stillingsauke i sesongen. I tillegg vert det kjøpt

gravarteneste frå privat aktør i samband med gravferd. Fellesrådet sine transportmidlar og større utstyr er knytt til drift av gravplassane og uteområda til kyrkjene.

Funksjonen vert finansiert ved rammeoverføring frå kommune, i tillegg til gravfesteavgift og andre betalingstenester.

Lønsutgifter står for 46 % av den samla kostnaden.

Mål og måloppnåing

- Det vert kommentert at gravplassane er velstelte og fine.

Økonomisk resultat (drift)

0430 Gravplassar	Rekneskap	Oppr.bud.	Avvik
• Bruk av midlar	2.507	2.348	-159
• Tileigna midlar	-1 630	-1 020	610
Brutto driftsresultat	877	1 328	451

Forklaring avvik:
Negativt tal: meirutgift eller mindreinntekt
Positivt tal: mindreutgift eller meirinntekt

Avviksforklaring

Denne funksjonen har eit positivt avvik på kr 451.000. Det er brukt kr 159.000 meir enn budsjettet, men samstundes tilført 610.000 meir enn forventa. Kjøpt av varer og tenester og utstyr til maskinar (1 og 2) er 111 000 høgare enn budsjettet. Mykje av dette har si forklaring i dreneringsarbeid av Bremnes kyrkjegard som vart gjennomført av drift haust 2017.

Det kom inn kr 1 077 105 i festeavgift i 2017. Det er 447.118 meir enn budsjettet. Noko av dette kan skyldast at festeavgifta i 2016 gjekk ut veldig seint på året noko som gjer at ein del festeavgifter vart ført vinter/våren 2017. 2017 var også eit toppår når det gjaldt festeavgifter.

Utfordringa

- Kunne gjennomføre mindre vedlikehald innan for ramma til driftsbudsjetten.
- Sørge for at dei tilsette har tenlege og effektive hjelpemiddel.
- Å sikra god forvaltning ved å halda gravplassane fine og utnytta området effektivt
- Å sikra gode medarbeidarar til sesongstillinga (40 % i seks månader) og sommarhjelp.
- Sørge for god oversikt talet på ledige graver på alle gravplassane.
- Krevje inn festeavgifter og opplyse befolkning om mogelegheitene som er innanfor feste av grav m.m.
- Jobbe med ajourføring av gravregister for å betre kunne føresjå framtidige utfordringar.

Andre kyrkjelege føremål

Tenester/oppgåver

Dette området ivaretok kyrkjelydane sine kjerneoppgåver som undervisning, diakoni og kyrkjemusikk. Tiltak i samband med trusopplæringsreforma og lønsmidlar til pedagogane og diakon er kjerneområder.

Ansvarsområdet vert finansiert ved statleg tilskotsordning til kyrkjelydspedagog, statleg tilskot i samband med Trusopplæringsreforma, rammeoverføring frå kommune - og innsamla midlar og renteinntekt i samband med Gjevartenesta for diakon.

Lønsutgifter står for 74 % av den samla kostnaden.

Mål og måloppnåing

- Mål om å styrke det økonomiske bæregrunnlaget til diakonstillinga.
- Oppretthalda tre kyrkjelydspedagogar i tilsaman 2,2 årsverk.
- Rekruttera tilstrekkeleg med frivillige til å gjennomføra fasaprogrammet etter planen.

Økonomisk resultat (drift)

0440 Andre kyrkjelege føremål	Rekneskap	Oppr.bud.	Avvik
• Bruk av midlar	2.649	2.805	157
• Tileigna midlar	-2.273	-2 483	-209
Brutto driftsresultat	375	322	-52

Forklaring til avvik: Negativt tal: meirutgift eller mindreinntekt
Positivt tal: mindreutgift eller meirinntekt

Avviksforklaring

Samla avvik her er 189.000. Trusopplæring, kyrkjelydsarbeidet, konfirmantarbeidet, misjonsarbeidet i Sangaste og diakoniarbeidet er alle eigne funksjonar.

Positivt avviket i 2017 var kr 52.000 (vedlegg 8). I rekneskapen ligg det ved rekneskap for kvart av dei ulike tenestene.

Utfordringar

- Å få til eit godt samarbeid mellom tilsette, frivillige og råd ved iverksetting av tiltaka i trusopplæringsplanen.
- Å skaffa nok frivillige til å gjennomføra trusopplæringsplanen.
- Å få barn og unge til å kjenna tilhøyring til gudstenestefellesskapet.
- Å sikra nødvendig finansiering av diakonstillinga gjennom å bygga ut Gjevartenesta for diakon og tenka utvida samarbeid med kommunen og lokale aktørar.

089 Finansieringstransaksjonar

Dette er ein rapporteringsfunksjon som skal rapportera finansielle transaksjonar – i praksis på 5* og 9*-kontoane. Finanspostar, som renteinntekt, skal likevel førast i annan funksjon dersom den naturleg høyrer heime ein annan plass. Til dømes vil renter frå diakonifondet bli tilgodeskrevne Gjevartenesta og ikkje fellesrådet sin totale rekneskap.

Noko som er verdt å merke seg for rekneskapen for 2017 er at kommunale midlar, som tidlegare år er fordelt utover dei ulike einingane, frå 2017 er ført på 089 Finansieringstransaksjonar. Av den grunn gir alle tenester negativt resultat, men det er avviket frå budsjettet ein her må sjå på får å få rett bilet av den økonomiske situasjonen.

INVESTERINGAR FØRT I 2017

GJENNOMFØRTE PROSJEKT I 2017

Ferdigstilling asfaltering av parkeringsplass Lykling	23 732
Servicebygg Lykling	360 090
SUM disponert	383 822

FINANSIERING av prosjekta

Tilskot frå kommunen 2017	0
Tildl- års udisponert	474 574
Utlån, aksjar	-39 271
Kompensasjon mva	56 353
SUM tilført	491 656

RESULTATVURDERING

Hausten 2017 vart prosjektet med renovering av servicebygget knytt til Lykling kyrkjegard starta. Budsjettet var i utgangspunktet 350.000. Men etter tilbod på over 500 000 vart det vedteke ei revidering av investeringar, der ein skulle ta rullering av gravferdsplanen av drift, slik at ein med det fekk frigjort 100 000 i investeringsmidlar. Vidare vart det vedteke å ta resten av prosjektet frå drift.

Bømlo kommune løyvde ingen nye investeringsmidlar i 2017 til Bømlo kyrkjeleg fellesråd.

I investeringsrekneskapen for 2017 (vedlegg 2) er bere brukte udisponerte investeringsmidlar frå 2016 teke med. Dermed går ein i balande i investeringsrekneskapen for 2017, men har igjen 107 000 udisponerte/ubrukete midlar frå 2016. Då prosjektet med servicebygget ikkje var ferdigstilling i 2017, vil dei ubrukete midlane frå 2016 bli brukt i 2018.

SAMANLIKNING AV INVESTERINGANE DEI SISTE ÅRA

(Tal i 1000)	2017	2016	2015	2014	2013	2012
Sum investeringar	328	584	3.017	4.803	765	677
Dekning av tidlegare års meirforbruk	0	0	0	0	0	184
Mva	56	133	504	1.163	179	133
Aksjar i KLP	39	34	28	24	22	
Sum udisponert	0	474	0	777	0	0
Sum avsetningar	0	0	0	0	0	0
SUM FINANSIERINGSBEHOV	423	1.225	3.549	6.767	966	994
Sal av driftsmidlar	0	0	0	0	0	
Refusjonar	-56	-133	-504	-1.168	0	
Kalkulatoriske postar	0	0	-964	0	0	0
Tilskot frå kommunen	0	-1.000	-1.500	-1.000	-3.224	-3.000
Tidlegare års avsetning	0	0	0	-9	0	0
Tidlegare års udisponert / eigne fond	-474	-92	-581	-4.590	-97	
Overføring frå driftsrekneskapen (mva)	0			0	-143	-80
SUM FINANSIERING	530	1.225	-3.549	-6.767	-3.464	-3.080
Udisponert i investeringsrekneskapen	107	0	0	0	2.498	2.085

OPPSUMMERING

Bømlo kyrkjelege fellesråd er ved årsskifte arbeidsgjever for 25 tilsette, medrekna tre teknikarar. Desse utfører per 31.12.2017 til saman 11,45 årsverk. Teknikarane er ikkje med her.

Rekneskapsmessig kom fellesrådet ut med mindre forbruk på ca. 352 000. Netto positiv driftsresultat var på heile 630 000. Det er brukt 145 844 av fond til stell, samstundes som det er komme inn 201 235 på fond til stell inkl. renteinntekter. Netto auke av fond for stell er difor på 55 391.

To små investeringsprosjekt vart gjennomført eller påbegynt i 2017, eit av dei var sluttføring av asfaltering frå 2016, medan det andre var servicebygg som vart sluttført i 2018. På investeringssida er dei samla udisponerte midlane no kr 107.834 (Balansen - vedlegg 4)

Balansen syner at det er ingen vesentleg gjeld.

Sett året i si heilhei har ein reint økonomisk komme svært godt ut av 2017. Dette har likevel sine forklaring gjennom toppår i festeavgifter. Av mindreforbruket på drift skal noko, som vedteke, gå til dekking av prosjekt i investeringsrekneskapen, og noko skal gå til balanse av diakonibudsjettet. Samstundes må ein ved slike toppår spara seg opp midlar for å klare normal drift gjennom dei kommande fire åra som bere gir nær halvparten av dei inntektene ein hadde på festeavgifter i 2017. Utfordringa for kommane år er å utarbeida gode rulleringsplanar for invserteringsbudsjett og utarbeida gode vedlikehaldsplanar for kyrkjer, driftsbygningar og kyrkjegardar.